



## Sommarleir i Noregs Ungdomslag skal vere ei trygg, inkluderande og positiv tilskipping!

Rammene for Sommarleir bygger på Noregs Ungdomslag sine fire prinsipp, og skal vere *frilyndt*, *samfunnsengasjert*, formidle *folkeleg kultur* og ha ein trygg og inkluderande *samværskultur*.

### 1. Inkludering

Alle er like velkomne på leir og som gode frilyndte menneskje skal vi sørge for at alle blir inkludert i fellesskapet. Under leir vil det vere eit mangfald av meiningar, erfaringar, føresetnader og kulturar. Noregs Ungdomslag ønskjer at alle skal kjenne seg møtt med forståing og positiv haldning.

### 2. Respekt for andre

Alle skal bli møtt med respekt. Som frilyndt er du raus, fordomsfri og viser respekt for alle menneske, uavhengig av alder, kjønn, seksuell legning, etnisk tilhøyrse, bakgrunn, interesser, fysiske/psykiske føresetnader eller politisk ståstad. Ein skal respektere andre sine eigendelar, behov og ønskje, så fram desse ikkje er i strid med reglar, prinsipp og rammes. Noregs Ungdomslag tek avstand frå all form for diskriminering og trakassering.

### 3. Trygg

Alle skal kjenne seg trygge på leir og ein skal respektere kvarandre sine grenser. Leiren er ein stad for trygg, god og rusfri samværskultur. Bruk av rusmiddel, seksuell trakassering, overgrep, vald og utagerande åtferd aksepterast ikkje! Dette gjeld uavhengig av alder og på alle arenaer og rom, både før, under og etter leiren.

*Vis du sjølv opplever eller er vitne til hendingar og oppførsel som strider imot våre prinsipp og køyrereglar, kontakt leirsjef eller hovudansvarleg for leir.*

# Køyrereglar for Sommarleir

*Levande lokalkultur*